

SETT HJORT



Miljø-
direktoratet

Kommune

ANSWER

Kommunenr.

ANSWER

År

ANSWER

Instruks for utfylling av skjema og rettleiing for
aldersfastsettjing av skoten hjort les du på baksida

Valdnr.

A large, empty rectangular box with a thin black border, designed for children to draw or write in.

Namn på vald

ANSWER

Jaktfeltnr.

Namn på jaktfelt

KOR MANGE SETTE DÝR (Skotne dýr skal takast med)

KOR MANGE SKOTNE DYR?

	Hannkalv					
	Hokalv					
	Bukk 1 ½ år					
	Kolle 1 ½ år					
	Bukk 2 ½ år og eldre					
	Kolle 2 ½ år og eldre					
						Sum

Sette rovdyr*	Bjørn	Jerv	Gaupe	Ulv
Kor mange?				

Namn på kontaktperson for skjema:

ANSWER

Telefon:

--	--	--	--	--	--	--	--

Skjemaet «Sett hjort» gir oss viktige opplysningar om utviklinga i hjortebestanden. Dette er verdifull hjelp for å få kunnskap om den lokale hjortebestanden. Du og observasjonane til jaktlaget ditt er viktige i dette arbeidet. Ver derfor nøyne med å fylle ut «Sett hjort»-skjemaet **kvar dag**, også dei dagane jaktlaget jaktar utan å sjå hjort.

Viktige punkt ved utfylling

- Sett hjort på innmark skal førast på eiga linje som ei eiga jaktkøkt. Hugs å krysse av i kolonnen «Innmark».
- I kolonnen «Kor mange timer jakta laget?» fører ein kor mange timer jaktlaget faktisk brukte til observasjon. Dersom 4 jegerar har jakta i 6 timer, skal det førast 6 timer i rubrikken «Kor mange timer jakta laget?» og 4 i rubrikken «Kor mange jegerar?».
- Med spissbukk meiner vi bukkar som har éi gevirstong utan forgreiningar på kvar side.
- Alle direkte observasjonar av hjort skal førast, uavhengig av om hjorten er sett tidlegare same dag av same jegaren eller av dei andre jegarane i jaktlaget.
- Berre direkte observasjonar av sette dyr skal takast med, og berre observasjonar ein gjer på ordinære jaktdagar.

- Valdansvarleg må passe på at jaktlaget fyller ut skjema kvar dag.

Sette elg

Registrering av sett elg gir forvaltninga ei betre oversikt over utbreiinga av elg og kor stor bestanden er i område der arten er nyleg etablert eller førekjem spreidd. Eige «Sett elg»-skjema nyttast i område der òg elg blir jakta på under hjortejakta.


Sette rovdyr

I forvaltninga av både hjortevilt og rovdyr vil det vere viktig å få auka kunnskap om bestandane av gaupe, jerv, bjørn og ulv.

* Her fører ein kor mange rovdyr som i alt vart sette under hjortejakta. Ein tek berre med direkte synsobservasjonar.


Aldersbestemming av skotne hjort

Dette skjemaet kan ikkje brukast for andre hjortedyr.




Ca. ½ år

Hjorten har første hausten etter at han er fødd, 4 kinntenner i kvar kjevehalvdel. Den 3. kinntanna framanfrå er på dette alderssteget tredelt (a, b, c).




Ca. 1 ½ år

Hjorten har andre hausten etter at han er fødd, 5 kinntenner i underkjeven. Den 3. tanna framanfrå er framleis tredelt (a, b, c).




Ca. 2 ½ år

Når hjorten er 2 ½ år, har han fått 6 kinntenner. Den 3. tanna framanfrå er no ny og todelt (a, b). Dei tre fremste tennene er nye og utan slitasje. Tannsettet er no fullt utvikla.



Ca. 3 ½ år

Når hjorten er 3 ½ år og eldre, blir alders-bestemminga etter skjøn. Slitasjen på tennene er avhengig av kor harde tennene er, og av dei næringstilhøva hjorten lever under. For ein 3 ½-åring er dei 3 første kinntennene ubetydeleg slitne.



Eldre enn 3 ½ år

Eldre dyr (3 ½ år og eldre) kan alders-bestemmast ved sliping av tennene – som gjer at ein får fram vekstsoner i tennene - på tilsvarende måte som årringar på tre.